



Endre Brunstad
LLE/Universitetet i Bergen

Dato: 22.11.2016
Vår ref.: 2016/34193-2
Saksbehandlar: sveheg1
Dykkar ref.:

Søknad om å delta i forskingsprosjekt ved Universitetet i Bergen

Vi viser til søknad frå UiB, med søknadsfrist 23.11. Fylkesdirektør opplæring viser til tidlegare korrespondanse med vår ref: 2015/8308-2 og stiller seg positiv til at det blir forska på bruk av nynorsk blant elevane. Fylkesdirektør opplæring stadfester med dette at Hordaland fylkeskommune ønskjer å gå inn som samarbeidspartner med Universitetet i Bergen i eit kompetanseprosjekt knytt til nynorsk, leia av professor Endre Brunstad, LLE/Universitetet i Bergen. Forskingsprosjektet startar etter planen opp hausten 2017.

Hordaland fylkeskommune si rolle i prosjektet vil vere:

b) finansiering og forskingsaktivitet/fou (r & d)

For Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune er det av særskild interesse å bidra til å utvikle ein nynorskdidaktikk som gir trygge nynorskbrukarar. Då er det viktig å finne ut av kva mekanismar som gjer at elevane vel bort nynorsk som hovudmål og kva skilnaden er på desse og dei som held fram med nynorsk som hovudmål i vidaregåande opplæring.

Elevar i vidaregåande skule har rett til å velje målform sjølv, og dei har rett på lærebøker, både skriftlege og digitale, i den målforma dei har valt. Retten er heimla i Opplæringslova § 9-4 og dessutan i forskrift til opplæringslova kapittel 17. Elevens rett til læremiddel på eiga målform. Deltakinga i forskingsprosjektet vil kunne setje søkelys på årsaker til auke i talet på elevar som vel bokmål som hovudmål, jfr. auken i talet på elevar som vel bokmål framfor nynorsk i Fjell kommune, ein reduksjon frå ca. 50 % for 10 år sidan til rundt 3.3 % i 2016. Deltaking i forskingsprosjektet vil kunne bidra til auka kompetanse rundt nynorskbruken i vidaregåande opplæring og tiltak for å betre tilbodet i opplæringa.

Fylkesdirektør opplæring vil bidra med tilrettelegging ved dei aktuelle vidaregåande skulane, og også med å få fram elevopplysningar som er relevante for prosjektet.

Skulane og kommunane det dreiar seg om:

- Sotra vidaregåande skule - Sund, Øygarden og Fjell kommune
- Os gymnas og Os vidaregåande skule - Os kommune

Elevopplysningane dreiar seg om:

- kva for vidaregåande skular elevar frå grunnskulen i kommunane Sund, Øygarden, Fjell og Os kommune startar på hausten 2017
Elevar frå grunnskulane i Fjell, Sund, Øygarden og Os kommune vil i hovudsak søkje seg til ovannemnde skula, men det vil òg vere elevar som søker seg til sentrumsskular, særleg Amalie Skram vgs.
- kva som er hovudmål/sidemål til desse elevane

Fordeling av nynorsk/bokmål som hovudmål i 2016-17 er som følgjer

Sotra vgs: Bokmål 908 elevar Nynorsk 31 elevar

Os vgs: Bokmål 369 elevar Nynorsk 157 elevar

Os gymnas: Bokmål 125 elevar Nynorsk 143 elevar

- kva som er karaktersnittet til elevane frå grunnskulen – *dette har vi oversikt over 2. kvartal 2017 etter innsøking for neste skuleår*
- kva for norskkarakterar elevane har frå grunnskulen – *sjå over.*

Hordaland fylkeskommune som skuleeigar har ansvar for 41 vidaregåande skular med rundt 17.000 elevar.

Gjennomføringsprosenten for elevar i Hordaland er no 69.5 % etter fem år (elevar som starta 2010).

Gjennomføringa har gått opp frå førre år med 0.6 %. Nasjonalt er talet 70:3 %.

Hordaland fylkeskommune har føretaksnr: NO 938 626 367.

Personar som er involverte frå Hordaland fylkeskommune: Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim og sekjonsleiar skule Linda Farestveit

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
sekjonsleiar skule

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.